

Martin Myhr
Nyhusmovegen 7
3579 Torpo

911 94 081
martinmyhr@aolnorge.no

Torpo, 27. november 2020.

Høyring om folkemusikk og folkedans

Kulturrådet deler kvart år ut ei lang rekke arbeidsstipend til kunstnarar av alle slag. Dette er ei god ordning, som gjer at kreative menneske kan utvikle spennande kunst og kultur til glede for oss alle.

Ein av kategoriene heiter «folkekunst». Her kan du søke om du arbeider med alt frå hekling til hardingfele. Kategorien har berre 7 arbeidsstipend å dele ut, og den vesle potten gjer det veldig vanskeleg å nå opp. Det gjer at mange ikkje finn det bryet verdt å søke.

Komiteen som skal vurdera kvaliteten på søknad og produksjon er på 4 personar, og har medlemmer både frå folkemusikk/ folkedans og frå kunsthandverkfeltet. Det betyr at medlemmene ikkje har kompetanse på om lag halvparten av søknadane dei er sett til å vurdera. Ingen kan forventast at ein folkedansar skal kunne gje rettferdig behandling av utøvarar av smiing, treskjæring, sølvsmedarbeid og bunadssaum. På same viset skal det mykje til at ein kunsthandverkeksperter skal kunne vurdera ein hardingfelespelar opp mot ein annan.

Ei oppdeling til to ulike komitear vil styrke begge desse, for Norge, viktige kunstformene. Det er her vi finn dei som held oppe tradisjonar og kunnskap som har utvikla seg i landet over hundrevis av år. Desse uttrykka forsvinn om vi ikkje har eigne utøvarar. Vi kan ikkje forventast at artistar frå andre land skal utøva norske tradisjonar for oss. Eg vil si at desse gruppene er noko som burde prioriterast!

For å styrke den profesjonelle delen av desse felte bør dei minst få 7 stipend kvar. Innan folkemusikk og folkedansfeltet har det dei siste 15 åra vore ei gledeleg utvikling med mange profesjonelle utøvarar som har høgskuleutdanning. Det bør koma til syne også når Kulturrådet deler ut arbeidsstipend. Med ei sterk auke i yrkesutøvarar, bør det speglast når pengar blir fordelt.

Dette må vera eit enkelt grep for å gje inspirasjon til ei gruppe som naturleg nok ser seg forbigått når ein samanliknar med andre kunstformer. Det er vel slik at Norge har ei særleg forpliktelse over for vår eigen særeigne kulturarv.

Vennleg helsing

Martin Myhr
Nyhusmovegen 7
3579 Torpo

911 94 081
martinmyhr@aolnorge.no

Martin Myhr
(Folkedansar og organisator)

Martin Myhr
Nyhusmovegen 7
3579 Torpo

911 94 081
martinmyhr@aolnorge.no

Torpo, 27. november 2020.

Høyring Folkemusikk og Folkedans

Eg har i mange år reist rundt på norske skular, og lært bort folkedans til elevar i ulike alder. Dei siste åra har eg opplevd noko som gjer meg litt forundra. Det har vorte ganske vanleg at ingen i rommet har høyrtd ordet reinlender for eksempel. Det gjeld også læraren!! Ingen tenkjer på dans. I det heile er det overraskande svak kunnskap om fagfeltet folkemusikk og folkedans. Då er det jo moro å sjå at ungene gjerne dansar både gamaldans, springar og halling.

Det er ingen motforestillingar hos dei unge, og oftast ser lærarane ut til å trivast med aktiviteten. Då er det ekstra trist at kunnskapen og medvitnet om folkedans ofte er heilt fråverande. Skal dei unge kunne opne auga mot folkedans, må dei jo få veta at det er noko som finst. Når eg sjølv fatta interesse for dansen tidleg på 70-talet var det ingen lærar som hadde nemnt at det fanst. Eg kjende det som eit svik at ingen hadde fortalt at vi hadde ein eigen dans og musikk i Trysil som heitte rundom. (Ikkje eingong i «heimstadelære»)

Eit viktig grep for å bevare dansen er at tradisjonane kjem sterkare inn på lærarhøgskulane. Det burde høyre til almenkunnskapen å kunne litt om våre eigne tradisjonar. Så eg meiner at noko teori, og noko praktisk danseundervisning må vera eit minimum.

I Norge har vi ein dans som heiter halling. Den kan utførast på alle nivå. Kan du gå kan du danse halling. Det er ein solodans som kan dansast i ring, ute, inne og på staden. Den kan utviklast til bli veldig avansert for den som blir inspirert til det. Skal du ha eit lite avbrekk i skuletimen, kan du bruke tak frå halling ved pulten. Egnar seg i gym, som leik der ein kan utfordre kvarandre. Halling ligg der. Det er berre å plukke han opp. I løpet av ein time kan eg lære opp 30 gym-lærarar til å kunne meir enn nok til å nytte halling i timane. For meg er det opplagt at alle norske ungar skal kunne litt halling når dei går ut av grunnskula. Dette er ein skatt som vi burde bruke for alt han er verd. Bevegelse, trening, meistring og ikkje minst identitet og stoltheit over at dette er ein dans som har utvikla seg i Norge.

Eg kjenner ein brasiliansk dansar. Han er mildt sagt forundra over at Norge ikkje utnyttar at vi har denne kulturskatten, som er like moderne no som for 200 år sidan. I Brasil fortel han, dansar alle ungar Samba i skuletida.

Om ein får halling vanleggjort på dette viset, er eg heilt sikker på at rekruttering til andre folkedansar også vil auke.

Martin Myhr